



STORTINGET

Lovvedtak 128

(2024–2025)

(Første gangs behandling av lovvedtak)

Innst. 439 L (2024–2025), jf. Prop. 122 L (2024–2025)

I Stortingets møte 11. juni 2025 ble det gjort følgende

vedtak til lov

om endringer i krisesenterlova (tydeleggjering av det kommunale ansvaret og grunnlag for behandling av personopplysninger m.m.)

I

I lov 19. juni 2009 nr. 44 om kommunale krisesentertilbud blir det gjort følgende endringer:

§ 2 andre og tredje ledd skal lyde:

Tilbudet skal omfatte følgende:

- eit krisesenter eller eit tilsvarande gratis, heilårs, heildøgns, trygt og mellombels *butilbod*
- eit gratis *dagtilbod*
- eit heilårs og heildøgns tilbod der personar nemnde i første ledd kan få råd og rettleiing per *telefon*
- oppfølging i reetableringsfasen i *samarbeid med andre delar av tenesteapparatet*, jf. § 4.

Tilbudet skal gi brukarane støtte, rettleiing og hjelp til å ta kontakt med andre delar av tenesteapparatet.

Noverande § 2 tredje til sjette ledd blir fjerde til nytt sjuande ledd.

§ 3 første og andre ledd skal lyde:

Kommunen skal sørge for at tilbudet så langt råd er blir lagt til rette slik at det kjem dei individuelle behova til brukarane i møte. *Er tilrettelegging ikkje mogleg, skal kommunen sørge for likeverdige alternative krisesentertilbud for brukarar som ikkje kan nytte det vanlege tilbudet ved krisesenteret.*

Dei særskilde rettane til samiske brukarar skal vare-takast i krisesentertilbudet.

Noverande § 3 andre og tredje ledd blir tredje og nytt fjerde ledd.

Nye §§ 5 a og 5 b skal lyde:

§ 5 a *Behandling av personopplysninger*

Organ som utfører oppgaver etter denne lova, kan behandle personopplysningar, også personopplysningar som nemnde i personvernforordningen artikkel 9 og 10, når det er nødvendig for å utføre oppgaver etter lova. Det same gjeld private som utfører oppgaver etter denne lova.

Brukarar av krisesentertilbudet kan reservere seg mot vidarebehandling av opplysningar til bruk i til dømes statistikk, analysar og forskning.

Departementet kan gi nærmare reglar i forskrift om behandling av personopplysningar, mellom anna om formålet med behandlinga, behandlaransvar, kva for personopplysningar som kan behandlast, utlevering, registerføring, tilgang til register og høvet til vidarebehandling.

§ 5 b *Tilgang til teiepliktige opplysningar frå Folkeregistret*

Organ som utfører oppgaver etter denne lova, kan utan hinder av teieplikt innhente opplysningar frå Folkeregistret som er nødvendige for å utføre oppgaver etter denne lova.

II

1. Lova gjeld frå den tida Kongen bestemmer. Kongen kan setje i kraft dei einskilde føresegnene til forskjellig tid.
2. Departementet kan gi overgangsreglar.

Masud Gharakhani

president